

Elevsitat frå filmen «Leseukene på Madlavoll skole»

«Du får oppleve nye bøker som du kanskje ikkje visste at fantes»	«Når du ikkje les, føler eg det blir keisamt»	«Me les fordi det er gøy, og me lærer meir om ting»
«Det er skikkeleg gøy å lese mange bøker for då kan me lære nye ord»	«Etter bøkene så gir me terningkast, og eg har nesten gitt 6 til alle»	«Det var ei veldig kjekk bok og eg likte ekstra godt 'glemmestedet'. Eg gav den seks stjerner»
«Eg synest det er bra med leseveker for då får me ein ny læringsmetode»	«Me får gjere noko nytt»	«Du får oppleve nye sjangrar. Eg begynte å lese meir fantasy nå fordi me las ei bok som heiter «Skammarens dotter»
«Du får oppleve noko anna enn å berre høyre på norsklæraren i norsktimane»	«Du får lese og leve deg inn i ei bok»	«Det som er bra med å ha ein boksamtale er at du kan få andre sine synspunkt på ein tekst og du kan forstå ein tekst på mange forskjellige måtar»
«Eg synest eg lærer meir av det. Når du skriv i boka, skriv du berre for å skrive, men når du snakkar må du liksom følge litt meir med. Dei kjem med så mange ting som eg ikkje tenker på»	«Og kan sjå ting på andre måtar. Før likte ikkje eg å lese spenningsbøker, men etter å ha snakka saman ser eg på dei på ein heilt ny måte»	«Det er ein av dei kjekkaste tinga eg veit om» (kommenterer det at fadrane les bøker for dei)